



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 19.10.2017

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Hardangervidda Natursenter, Øvre Eidfjord

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsordførar
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordførar

Rådmannsforum: Rådmann Reidar Isdal
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim

Til sak 38/17 Natalia Golis, Team Hardanger

Agenda:

09.00 – 10.30 Sakshandsaming
10.30 – 11.00 Film + Presentasjon av off.delegasjon på besøk frå Litauen.
11.00 – 12.00 Lunsj
12.00 Orienteringar:
12.00 – 12.30 Overføring av borgarleg vigslе frå tingretten til kommunane.
Kva ventar kommunane som ansvarlege for denne tenesta ?
Orientering v/ Klaus Skjeldal og Hilde Opedal, Hardanger Tingrett.
12.30 – 13.30 Klima- og miljøplanar for kommunane/herada i Hardanger ?
Status – ambisjonar !
Orientering v/ Lars Børve og Hilde Holdhus, Greensight.
13.30 – 14.30 Mogeleg filmlocation-samarbeid Hallingdal – Hardanger ?
v/ Hallgrim Haug, Knut Arne Gurigard og Lisbeth Bygstad Celik.
14.30 – 15.00 Evt. sakshandsaming

Orientering:

Borgarleg vigslе – overføring frå Tingretten til kommunane/herada.

Sorenskrivar Klaus Skjeldal orienterte om korleis ordninga har vore hjå Tingretten.

- Rutinar
- Dokumentasjon
- Praktisk gjennomføring
- Jfr. rundskriv sendt til kommunane
- Vigselmynde til andre enn ordfører og varaordførar må gjevast av kommunestyret.
- Tilstrekkeleg at ein av dei som skal gifta seg er busett i kommunen for at kommunen har plikt til å tilby borgarleg vigslе.

Hilde Opedal orienterte om praktisk gjennomføring av borgarleg vigslе.

Det var utdelt 2 eksemplar til kvar kommune/herad med aktuell informasjon omkring rutinar for borgarleg vigsle.

Kommentar:

Viktig at administrasjonen i kommunane vert godt informerte om dei gjeldande rutinar for innmelding, førebuing og gjennomføring.

Greenstat

v/ Lars Børve og Hilde Holdhus.

Orienteringa ligg vedlagt til møteboka.

Kommentarar:

Hardangerrådet drøftar i neste møte om det er grunnlag for å starta eit regionalt prosjekt for oppdatering av miljøplanar i kommunane/herada og då med basis i ei felles ambisjon om å setja dette igang i alle kommunane/herada. Kommunane melder planstatus for miljøplanar tilbake til Hardangerrådet.

Filmsamarbeid Hallingdal – Hardanger ?

Knut Arne Gurigard, Hallgrim Haug, Lisbeth Bygstad Celik.

Orientering om bakgrunn for ideen om eit samarbeid mellom Hallingdal og Hardanger.

Det ligg stort inntekspotensiale for næringslivet i dei kommunane som vert valde som location for filmproduksjon. Eks. hotell og overnatting, catering, bygg og anlegg, tele og data, transport,

Hardanger har kvalitetar som ekte locations, dvs. det treng ikkje gjerast endringar eller tillegg på det som alt er tilstades.

Avklaring:

Samarbeidsrådet for Hallingdal utarbeider prosjektskisse for Filmlocationsamarbeid Hallingdal-Hardanger. Avtale for moglege samarbeid vert lagt fram for handsaming i neste Hardangerrådsmøte 14.12.2017.

Merknad til innkalling: Det vert bede om at innkalling vert sendt med alle aktuelle dokument i ei samla sending og ikkje delt på to sendingar slik tilfellet var denne gongen.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordførar:

Jostein Ljones

Roald Aga Haug

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 35/17

Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 39/17.

- Dagleg leiar: Orientering om fellesmøte Hardanger/Sunnhordland 1.nov.
- Genbank Hardanger – støtteuttale.
- Hans Petter Thorbjørnsen: Statsbudsjettet 2018
- Hans Petter Thorbjørnsen: Tilstand i Hardangerfjorden: Spørsmål frå Viltneemnda i Ulvik om årsak til reduksjon i

fiskebestandar m.m. Kan dette gje grunnlag for eit felles Hardangerrådsprosjekt?

- Hans Petter Thorbjørnsen: Endring i tilskotsordning for bortebruarar.

HR-sak 36/17

Meldingar

MRK Melding 1 hadde ved ein feil falle ut av utsendingsdokumentet. Denne vert sendt på nytt som melding til neste regionråd 14.12.2017

Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

HR-sak 37/17

**Regional Transportplan Hordaland
Investeringsprogram for fylkesvegnettet.
Høyringsuttale frå Hardangerrådet.**

Vedtak:

Hardangerrådet gjev slik uttale til Investeringsprogram RTP 2018 – 2029:

Hardangerrådet gjev si støtte til hovudkonklusjonane og prinsippet om porteføljestyling i Investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2029.

I dei ulike Hardangerkommunane/herada sine eigne høyringsuttalar vert det kommentert ønskje vedr. ein skilde tiltak i kvar kommune/herad. Hardangerrådet viser her til kommunane sine eigne prioriteringar.

Hardangerrådet vil påpeika behovet for investering i nye offentlege toalett i Hardanger. Turisttrafikken til Hardanger, både einskildreisande og bussgrupper, har auka vesentleg dei siste åra. Alle prognoser tyder på at auken vil halda fram i åra som kjem. For Hardangerregionen har dette medført store utfordringar mht kapasitet samt drift og vedlikehald av offentlege toalett. Manglande kapasitet har ført til uholdbare situasjonar i tilknytning til store stoppestader/attraksjonar der turistar forsøplar privat og offentleg eigedom som vert nytta til toalettføremål. For å byggja opp ein tilstrekkeleg kapasitet på offentlege toalett ber Hardangerrådet om at det i denne omgang vert avsett 4 mill av investeringsramma til oppbygging av offentlege toalettanlegg på sentrale stader i Hardangerregionen. Slike anlegg må driftast gjennom avgift frå besøkjande og i tilknytning til anna verksemd som t.d. kioskdirft.

HR-sak 38/17

**Heile Hardanger – Heile året.
Prosjektsøknad frå Hardangerrådet til Hordaland fylkeskommune.
Orientering – drøfting.**

Natalia Golis orienterte om bakgrunn og status for prosjektsøknad «Heile Hardanger – heile året».

Berekraftig reisemål

Regional strategisk reiselivsplan – Destinasjonsutvikling

Heilårsturisme: Heile Hardanger – heile året.

Heilårsarbeidsplassar.

Planen vil verta styrande for utviklingsarbeidet innanfor reiseliv i kvar kommune/herad.

Drøfting:

Innspel om moglege delfinansiering gjennom Fylkesmannens prosjekt: Utvalde kulturlandskap. Til dette er det løyvd 12,5 mill i året.

Kultur må verta ein viktig del av prosjektet.

Regionrådet gav full tilslutnad til prosjektplanen og meinte at Team Hardanger har svara godt på bestillinga frå Hardingtinget.

HR-sak 39/17

Orienterings- og drøftingssaker – Saker innmeldte ved starten av møtet

- Orientering om fellesmøte Hardanger/Sunnhordland 1.nov.
- Genbank Hardanger – støtteuttale.
- Statsbudsjettet 2018 – forslag som er negative for kommunane. Dette gjeld særskilt spørsmål omkring eigedomsskatt på verk og bruk, kraftskatt (Maskinskatt) Viktig å få avtalt snarleg møte med stortingspolitikarar frå Hordaland og særskilt Hardanger sin representant.
- Tilstand i Hardangerfjorden: Spørsmål frå Viltneimnda i Ulvik om årsak til reduksjon i fiskebestandar m.m. Kan dette gje grunnlag for eit felles Hardangerrådsprosjekt? Spørsmålet vert teke opp i neste Hardangerrådsmøte.
- Endring i tilskotsordning for bortebruarar. Grense heva frå 40 til 60 km. Uttale frå Hardangerrådet/Ungdområdet til dette forslaget i Statsbudsjettet.

Møteboka godkjent 19.10.2017.

Jon Larsgard
Rådsordførar

Jostein Ljones
Rådsmedlem

Roald Aga Haug
Rådsmedlem